

Kvinnherad Kommune

V/ Hilde Kjelstrup

Rosendalsvegen 10

5470 Rosendal

## **Reguleringsendring av reguleringsplan for hytter Grunnvåg – sak 2012/ 2940.**

### **KLAGE.**

Viser til e. post mottatt 20.11. 2018 der du opplyser at det er utarbeidet et nytt plankart, samt at du sender link til sak 2012/ 2940 der dette kartet ligg under innsyn.

**Me er heilt ukjent med dette kartet, dette er ikkje nabovarsla til oss.**

Det er også oppsynsvekkende at dette kartet er datert 17.02. 2017, altså 1 år og 8 mnd. etter vedtak i kommunestyret 18.06. 2015.

Til vår store forundring er dette nye kartet heilt likt plankartet som vart brukt i saka i kommunestyret 18.06. 2015, der Øybygg As ynskte ei reguleringsendring som innebar tilkomst til hyttene flytta til ny trassè, samt oppgradering frå gangsti til kjøreveg. Einaste forskjell på desse to plankarta er at det er innteikna ein smalare vegbane. Fyllinga er ikkje endra, og er identisk lik på begge plankarta.

Då saka var oppe til behandling i kommunestyret 18.06. 2015, vart den nye traséen godkjent med ein føresetnad at 8 nye punkt vert oppfylt.

Øybygg As fekk altså godkjent ein gangsti på 1,5 meter i ny trassè. I praksis inneber dette at ein ikkje treng same dimensjoner på fyllinger og steinmasser, når ein har løyve til å bygge ein gangsti på 1,5 meter, til sammenlikning med ein permanent kjøreveg på 4 meter bredde. **Ein klar intensjon bak vedtaket i kommunestyret 18.06. 2015 var at fyllinga skal tilpassast det føremålet den skal tjene.** I denne sammenheng er det også naturleg å sitere Rådmannen sin uttale i dokument (saksmappe) 2012/2940- 69 side 8: «**Dette låg også bak då rådmannen endra planforslaget frå kjøreveg til gangveg som ei mindre endring av reguleringsplanen ved første godkjenningsbehandlinga. Endringa var i «snill» retning for miljø og omkringliggjande samfunn i tråd med opprinneleg plan**». Sitat slutt.

Det går tydelig fram her at det ikkje berre er bruken av vegen det vert argumentert for, men utforminga av denne.

Dette har administrasjonen ikkje tatt hensyn til i det heile.

Me vil påreike at i alle reguleringsplaner, skal det takast særleg hensyn til terreng og vegetasjon.

Å overdimensjonere dette byggverket av ein gangsti er i strid med denne føresegna.

**Me vil påklage dette plankartet og kan ikkje sjå at dette er gyldig då me ikkje har fått nabovarsel eller anna informasjon om at dette eksisterer.** Dette på tross av at me gjentatte

ganger har vert i kontakt med kommunen og spurt korleis ein ser for seg at det endelige resultat blir etter 18.06. 2020.

Viser til møter med Hilde Kjelstrup, korr. pr. mail, telefon, samt synfaring med Anbjørn Høivik, Jon Harald Kjærland og Hilde Kjelstrup. I tillegg synfaring med Jon Kåre Meland.

Gjennom pressa er me blitt kjent med at Kvinnherad kommune har utstett overtredelsesgebyr til Øybygg As på kr. 37.500,-, samt til to hytte eigarar på kr. 5000,-.

Det er svært oppsynsvekkende at kommunen ikkje har pålagt Øybygg m/ fleire å fjerne den ulovlege anleggsvegen. Å betale lovbrotsgebyr, gjer ikkje denne vegen lovleg.

Slik det ser ut for oss er Kvinnherad Kommune med på å lovlign gjere den ulovlige anleggsvegen.

Me påpeiker at ved alle plan og byggesøknader skal det sjåast på som om tiltaket IKKJE er bygd/ gjennomført. Her har Øybygg komme med eit nytt plankart som ser identisk likt ut det som førelåg til kommunestyret 18.06. 2015 berre med ei smalare stripe til gangveg.

Me vil på det sterkeste bestride at dette er i tråd med vedtaket frå kommunestyret 18.06. 2015.

Me ber om at klagen vert behandla snarest.

Mvh.

Geir Inge og Irene Koløy Sjo

Halsnøy vegen 8

5454 Sæbøvik

Dato 11.12. 2018

Kopi:

Advokatfirma Responsa v/ Sturla Vik Vestly

Ordfører

Rådmann